

**REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I LEIKARRINGEN
BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO**

i Lagsrommet i Rosenkrantz' gate 8

Tysdag 4. mars 2025 kl. 19:00



Ole Ekornes

På møtet var det 23 personar.

Frå sak 2.1 - 24 tilstades.

Frå sak 3 - 23 tilstades.

Skrivarar: Ragnhild Marie Holen og Ane Magrete Valseth

SAK 1 – OPNING AV MØTET

1.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste blei godkjent

1.2 Val av møteleiar

Vedtak: Torbjørn Bergwitz Lauen vald til møteleiar

1.3 Val av skrivar

Vedtak: Ragnhild Marie Holen og Ane Magrete Valseth vald til skrivarar

1.4 Val av to til å skrive under møteboka

Vedtak: Anne Cathrine Johansen og Torbjørn Brekke vald til å skrive under møteboka.

1.5 Val av teljekorps

Vedtak: Anbjørg Myhra Bergwitz og Folke Flateland vald til teljekorps.

SAK 2 – ÅRSMELDINGAR

2.1 Melding frå Styret i Leikarringen

Meldinga vart presentert av styreleiar Torbjørn Bergwitz Lauen.

Desse hadde ordet i saka: Anbjørg Myhra Bergwitz

Kommentar:

- Anbjørg skryt og seiar at det er veldig godt jobba av styret.

2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen

Meldinga vart presentert av Anbjørg Myhra Bergwitz

2.3 Melding frå Bunadsnemnda

Meldinga vart presentert av Anne Cathrine Johansen

Desse hadde ordet i saka: Torbjørn Bergwitz Lauen

Kommentarar:

- Torbjørn påpeika at slitasje viser at bunadane blir brukt, og bruk visar aktivitet, som er bra.

Vedtak: Årsmøtet godkjende meldingane slik dei blei lagt fram.

SAK 3 – REKNESKAP OG BALANSE 2024

Rekneskap og balanse vart lagt fram av økonominemnda ved Synnøve Bryne.

Desse hadde ordet i saka: Torbjørn Bergwitz Lauen, Hallvard Øfstaas og Anbjørg Myhra Bergwitz

Kommentarar:

- Torbjørn påpeika at vi tilbyr honorering ved oppdrag, men nokre vel å la honoraret gå til ringen, difor er faktisk honorarinntekt høgare enn budsjett
- Torbjørn oppfordrar fleire til å søke om stønad
- Hallvard spurte om ringen dekkjer søknader til reisekostnadar til Landskappleiken. Torbjørn svarar nei, at prioritering av søknadar er kurs, tilstellingar i regi av NU eller våre lag, så andre søknadar.
- Anbjørg takkar for ei nyttig gjennomgang, og satt pris på kommentarane til , naturlig utvikling av kostnader gitt ambisjonsnivået vi har hatt

Vedtak: Rekneskapen og balansen for 2024 blei godkjend slik dei blei lagt fram, med atterhald om endringar ifm. revisjon av BUL (hovudlaget) sitt rekneskap.

SAK 4 – ARBEIDSPLAN 2025

Arbeidsplanane for 2024 vert lagt fram av Elise Birgitte Haugsten Thomassen

Desse hadde ordet i saka: Torbjørn Bergwitz Lauen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Yasmin Ullestad, Synnøve Byrde, Øystein Krogstie

Kommentarar:

- Anbjørg oppfordrar til at dansekveldar bør leggjast til tysdagar. Hun påpeiker også at å dekke kappleiksavgift potensielt kan auke kostnadane veldig.
- Torbjørn svarar at det er meint stå "dekke kappleiksavgift ved lagdans saman med Leikarringen"
- Torbjørn fortel at Riksscenen har held av 1.nov så vi kan arrangere leikfest. Det er 6 år sidan me sist hadde leikfest. Det krevst mykje arbeid å tilskipa ein slik fest, vil vi lufte denne ideen for å sjå kor stort engasjementet er.
- Synnøve synes leikfest er ein god idé. Hennar fyrste møte med leikarringen var leikfest og det var eit godt møte.
- Øystein har også gode minner om Leikfest på Ås og synes det er verdt arbeidet.
- Synnøve oppfordrar til å sette opp ein Leikfestkomité som kan organisere dette utanfor styret.
- Yasmin spør om kva uthevelsen av "alle" i punktet om å inkludere alle danseformene i norsk folkedans betyr? Torbjørn svarar at det er for å minne oss på at alle danseforma skal inngå, inkludert songdans, turdans og liknande

- Anne Cathrine fortel at me tidlegare hadde samdans en gang i månaden med ein rettleiar som leia dansen. Ho oppfordrar styret til å sjå tilbake på det konseptet.
- Anbjørg støttar leikfest og seier at førre nemnd er villige til å dele erfaringar.
- Hallvard påpeikar at tidlegare informasjon om korleis ein har gjennomført dansekveldar og leikfest ligg på SharePoint.

Vedtak: Planane for 2025 blir vedteke med de innspilla som kom

SAK 5 – MEDLEMSPENGAR 2026

Saka blei presentert av styreleiar Torbjørn Bergwitz Lauen

Desse hadde ordet i saka: Erik Orved Hiltunen

Kommentarar:

- Erik lurar på kor man finn medlemsbevis. Torbjørn svara at det finnes ein app som heiter Gnist.
- Fleire har spørsmål om kva appen heiter og korleis ein brukar den.

Vedtak:

Medlemspengane for 2026 forblir uendra på kr. 300,- Dette kjem i tillegg til medlemspengane til hovudlaget.

Ikkje-medlemmar kan delta på tysdagsøvingane i Leikarringen mot ein fotskatt på kr. 70,- pr. øving, og grunnkurs på kr. 100,- pr. kurskveld.

SAK 6 – BUDSJETT 2025

Budsjettet vart lagt fram av nestleiar Elise Birgitte H. Thomassen

Desse hadde ordet i saka: Anne Cathrine Johansen, Anbjørg Myhra Bergwitz

Kommentarar:

- Anne Cathrine påpeikte at det har vært eit mål å bruke pengar
- Anbjørg spurte om kva forskjellen mellom ferdastyret og “kappleik og anna” er. Torbjørn informerte om at ferdastyret er for Nordlek, Islek og tilsvarande turar. Anbjørg oppfordra til å vere konsekvent i kor ein set utgiftene. Synnøve tek til seg innspelet.
- Anbjørg lurte på kvifor posten Andre kostnader vart satt til same sum som 2024 når me har tre kappleikar i 2025 mot to i 2024. Elise svarte at det var ein kopi frå 2024, at vi antar at litt færre deltar på landskappleiken da det er vanskelegare å finne overnatting. Elise sa posten kunne aukast viss ønskeleg, Anbjørg svarte at det berre var eit spørsmål.

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet for 2025, med merknad om at vi prøvar å føre ferdapengar på ferdaposten.

SAK 7 – VAL

Valet vart lagt fram av medlem i valnemnda Anbjørg Myhra Bergwitz

Valet vart gjennomført med dette resultatet:

Styret i Leikarringen:

Leiar: Elise Birgitte Haugsten Thomassen (1 år)

Styremedlem: Ane Magrete Valseth (ikkje på val)

Styremedlem: Vebjørn Jøtun Fauske (ikkje på val)

Styremedlem: Anna Aarekol (2 år, ny)

Styremedlem: Erik Orved Hiltunen (2 år, ny)

Styremedlem: Synnøve Bryde (1 år, ny)*

1. vara: Sara Sneltorp (1 år, ny)

2. vara: Øystein Krogstie (1 år, ny)

*** Bakgrunn for framlegget om ekstra styremedlem:**

Ettersom aktiviteten i Leikarringen har auka mykje dei siste åra, ser vi at styret har meir og meir ansvar. Valnemnda tilrår derfor å velje ein ekstra styremedlem inn i styret for perioden 2025-2026, med mål om sjå korleis denne ekstra kapasiteten fungerer.

Rådet i Leikarringen hadde plan om å kome med endringsframlegg til årsmøte, der ein skulle foreslå å endre §4 til å ha ei rundare formulering kring tal på medlemmer i styret, slik at ein kan opp- og nedskalere talet på medlemmer i styret utifrå nivå og ambisjon i Leikarringen. Av ulike årsaker rakk ikkje Rådet å levere inn eit slik endringsframlegg innan fristen for innmelding av saker til Årsmøtet 2025. Dette kan eventuelt bli handsama på eit omframt årsmøte før Årsmøtet 2026.

Synnøve har tidlegare vore med i styret i Leikarringen, og har i 2024 utført økonomirelaterte oppgåver på oppdrag frå styret. Ho har sagt ja til å ta på seg vervet som styremedlem i eitt år om Årsmøtet godtek unntaket frå noverande lov.

Valnemnda ser det som svært positivt at fleire vil ta på seg viktige verv i Leikarringen, slik at ein kan fortsette det gode arbeidet.

Bunadnemnda (Valt for eitt år):

Anne Cathrine Johansen

Sigrid Kjøbli

Åse Holen

Nina Losnedahl*

** Merknad: I styringsføresegner for Leikarringen står det at bunadnemnda består av tre medlemmer. I år ynskjer valnemnda å innstille ein fjerde og ny medlem – Nina Losnedal. Ho studerer for tida tekstil ved Rauland, og kjem ikkje attende igjen til Oslo før til hausten. Ettersom det er mest behov med bunadane kring 17. mai er det behov for tre operative medlemmer av bunadnemnda også i våres. Vi ser det som ei fin anledning å få til overlapp i kunnskapen det komande året med fire medlem av nemnda.*

Rådet:

Vald inn i Rådet: Anbjørg Myhra Bergwitz, Anne Cathrine Johansen, Folke Flateland

Valnemnda:

Anbjørg Myhra Bergwitz (1 år)

Hallvard Øfstaas (1 år)

Nikolai Storevik (1 år)

Alle personval blei vald med akklamasjon.



Anne Cathrine Johansen